Forslag til kommunebudsjett 2020
og økonomiplan 2020-2023

Forslag til vedtak frå Høgre, Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti:

1. Austevoll kommunestyre vedtek rådmannens framlegg til budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023 med følgjande endringar:

	2020	2021	2022	2022
Inndekning				
Redusert reinhaldskostnad	100 000	200 000	200 000	200 000
Reversering tilrådd auke Austevollbadet	547 000	547 000	547 000	547 000
Reduksjon FDV bygge- og anleggsvedlikehald	200 000	200 000	200 000	200 000
Reduksjon abonnement	25 000	25 000	25 000	25 000
Reduksjon tilbakebetaling av gebyr/auka gebyr	150 000	150 000	150 000	150 000
Straumsparing pga. ENØK-tiltak m.m.	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum inndekning	**1 122 000**	**1 222 000**	**1 222 000**	**1 222 000**
Nye tiltak				
Kulturkoordinator (auke med 50 pst. til full stilling)	350 000	350 000	350 000	350 000
Styrka byggesaksbehandling (eittårig prosjekt)	350 000	350 000	0	0
Bua	70 000	70 000	70 000	70 000
Betre tilbod til menneske med demens	200 000	200 000	200 000	200 000
Auka renter og avdrag	142 000	1 175 000	1 175 000	1 175 000
Sum nye tiltak	**1 112 000**	**2 145 000**	**1 795 000**	**1 795 000**
Endring i resultat	**10 000**	**-923 000**	**-573 000**	**-573 000**
Overskot frå rådmannens budsjett	**2 756 000**	**2 811 000**	**2 867 000**	**2 925 000**
Sum overført til disposisjonsfond	**2 766 000**	**1 888 000**	**2 294 000**	**2 352 000**

2. Austevoll kommunestyre vedtek rådmannens framlegg til investerings- og finansieringsbudsjett for perioden 2020-2023 med følgjande endringar:

	2020	2021	2022	2022
Investering				
Skifte golv i Austevollhallen	500 000			
Planlegging av fotball	200 000			
Hundvåkøy aktivitetspark	1 500 000			
Bossorteringsutstyr i skulane	100 000			
Diverse mindre tiltak på idrettsanlegga	300 000			
Prosjektering av gs-veg fv Drivenes-Fagerbakke	250 000			
Klima-, miljø- og ENØK-tiltak	1 000 000	2 000 000		
Fotball Austevoll idrettsanlegg		15 000 000		
Bufellesskap		3 500 000		
Dagsturhytte		100 000		
Sum investeringar	**3 850 000**	**20 600 000**	**0**	**0**
Finansiering				
Låneopptak	3 850 000	20 600 000	0	0
Sum finansiering	**3 850 000**	**20 600 000**	**0**	**0**

3. *Som rådmannens tilråding.*

4. *Som rådmannens tilråding.*

5. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil kr 27.970.000 til investeringar i 220. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra innanfor ramma til finansreglementet.

6. *Som rådmannens tilråding.*

7. *Som rådmannens tilråding.*

Verbalforslag:

a. Kommunestyret løyver kr 350.000 som gjer at den nye stillinga som kulturkoordinator vert ei 100-prosentstilling. Kommunestyret ønskjer å styrke kommunens arbeid på kulturfeltet. Rådmannen blir beden om å sikre at stillinga sikrar betre kulturformidling, blant anna overfor barn og unge. Det er ynskjeleg at delar av stillinga kan knytast til biblioteket i form av ein barne- og ungdomsbibliotekar som er aktivt formidlande ute i skulane

b. Kommunestyret sikrar drift av «bua» gjennom samarbeid med ASV. Formålet er å gje innbyggjarane eit tilbod om å låna utstyr ein gjerne berre treng nokre få gonger, og å bidra til sosial utlikning. I tillegg vil ein bidra til å gje fleire personar eit meiningsfullt arbeid.

c. Kommunestyret løyver kr 350.000 i 2020 og same beløp i 2021 for å sikre lønsmidlar til ei prosjektstilling innan plan- og byggesak. Formålet med stillinga er å sørge for raskare behandling

av søknader, at tiltakshavarar får raskare og betre service, og at kommunen held saksbehandlingsfristar. Delar av satsinga er finansiert ved å redusere storleiken på innbetalt gebyr som kommunen i dag må tilbakebetale på grunn av brot på tidsfristar.

a. Kommunestyret løyver kr 200.000 for å betre tilbod og aktivitetar for menneske med demens og deira pårørande. Rådmannen blir beden om å fremje sak for kommunestyret om korleis pengane skal nyttast. Midlane kan til dømes nyttast til auka aktivitetar for heimebuande personar med demens.

b. Kommunen skal inngå ny reinhaldsavtale i 2020. Kommunestyret meiner det er rom for å redusere reinhaldskostnadene noko, og legg inn ein reduksjon på kr 100.000.

c. Rådmannen foreslår å auke med éi stilling på Austevollbadet. Denne satsinga blir ikkje vedtatt i budsjettet, og gir ei innsparing frå rådmannens budsjettforslag på kr 547.000. Dette medfører at drifta på Austevollbadet blir oppretthalde på dagens nivå.

d. FDVs budsjett for vedlikehald av bygg og anlegg blir redusert med kr 200.000.

e. Kommunens samla kostnader til abonnement blir redusert med kr 25.000. Det er grunn til å tru at ein kan gå over til rimelegare digitale alternativ i einskilte tilfelle, ettersom momsen på elektroniske tidsskrift blei fjerna 1. juli.

f. Kommunestyret foreslår å bruke kr 1 million i 2020 og kr 2 millionar i 2021 på tiltak som kan redusere straumforbruk og bidra til meir klima- og miljøvenleg drift av kommunen. Korleis midlane skal nyttast og kva tiltak som skal setjast i verk, vil kommunestyret kome tilbake til i ei eiga sak. Kommunestyret meiner denne satsinga vil gje rom for betre straumstyring og at dette vil gje ei innsparing. I budsjettet er innsparinga forholdsvis moderat, kr 100.000.

g. Kommunestyret løyver kr 500.000 for å skifte golv i Austevollhallen. Dette er delfinansiering av tiltaket, som vil skje i samarbeid med idrettslaget.

h. I 2020 blir det løyvd kr 200.000 til vidare planlegging av fotballhall på Austevoll idrettsanlegg. Bygging av fotballhall blir finansiert med kr 15 millionar i 2021, som den kommunale delen av finansieringa.

i. Det blir sett av kr 1,5 millionar til utvikling av Hundvåkøy aktivitetspark. Midlane er oppfølging av kommunestyrets vedtak i juni der kommunen skal bidra til planlegging, og som kommunale bidrag til tiltak i aktivitetsparken. Kommunestyret skal behandle bruken av midlane i eiga sak.

j. Det blir løyvd kr 100.000 til bossorteringsutstyr på skulane.

k. Det blir sett av kr 300.000 til mindre tiltak på idrettsanlegga. Midlane skal brukast til ventilasjonsanlegg i Austevollshallen, delfinansiering av tennisbane på Selbjørn, lagerplass Selbjørn Idrettslag og reetablering av straum til leikeplass, tuftepark og ballbinger på Trolandshamar.

l. Det blir sett av kr 250.000 til å utarbeide reguleringsplan for utbetring av den trafikkfarlege vegstrekninga langs Fagerbakkevatnet og til Fagerbakke.

m. Det blir sett av kr 3,5 millionar i 2021 til utviding av bufellesskap for menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide sak på dette, og framvise driftsmessige konsekvensar av utviding. I saka skal ein ta stilling til om det skal etablerast bufellesskap i Bekkjarvik eller eksisterande bufellesskap på Eidsbøen skal byggast ut.

n. Det blir sett av kr 100.000 til dagsturhytte i 2021. Fordi fristen for tilskot til dagsturhytte i 2020 utløper tidleg i 2020, så er neste moglegheit 2021.